

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 18.09.18

SAKSHANDSAMAR: Anne Randi Skirbekk

SAKA GJELD: **Oppnemning av valstyre for val av tilsettrepresentantar i styret for Helse Bergen HF**

STYRESAK: 97/18 A

STYREMØTE: 27.09.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Valstyret for val av tilsettrepresentantar i styret for Helse Bergen HF, for valet i 2019, skal ha følgjande medlemmer:

- Bjørn Grindheim, avdelingstillitsvald for NSF, Kirurgisk serviceklinikk – leiar
- Anne Randi Skirbekk, seksjonsleiar Arbeidsmiljø- og personalrådgiving, Personal- og organisasjonsavdelinga – nestleiar
- Vigdis Fjeld, føretakstillitsvald for NITO/SAN

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2019 er gjennomført og godkjent.

Oppsummering

Styret i Helse Bergen HF skal ha fire styremedlemmer med fire varamedlemmer som skal veljast av og blant dei tilsette, ref føretaksmøtet 20. februar 2014.

Med utgangspunkt i dei partsforholda som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakar organisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Val av tilsettrepresentantar skjer annakvart år. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var i februar 2017.

Fakta

I «Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styre» står det i § 8 at valet skal bli leia av eit valstyre. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett. Valstyret skal vidare ha ein leiar og ein nestleiar. Det er styra i føretaka som skal peike ut valstyret.

Det er valstyret si oppgåve å fastsette datoen for valet. Valstyret skal kunngjere valdatoen med ein frist på åtte veker. Valstyret skal òg kunngjere om valet skal bli gjennomført som fleirtalsval eller som forholdstalsval. Det er valstyret si oppgåve å sjå til at innkomne forslag er i samsvar med lova og forskrifta, og om dei føreslåtte kandidatane er villige til å stille til val.

Valstyret vil ha ei funksjonstid frå oppnemninga av styret i Helse Bergen HF og til valet i 2019 er gjennomført og godkjent. Det er ei målsetting at valet skal vere gjennomført i starten av februar 2019, at valprosessane i alle føretaka i Helse Vest RHF skal vere samkjørte, og at alle valstyra blir einige om ein felles valdato for valet i 2019.

Konklusjon

Forslag til nytt valstyre for val av tilsettrepresentantar for Helse Bergen HF, for valet i 2019, er:

- Bjørn Grindheim, avdelingstillitsvald for NSF, Kirurgisk serviceklinikk – leiar
- Anne Randi Skirbekk, seksjonsleiar Arbeidsmiljø- og personalrådgiving, Personal- og organisasjonsavdelinga – nestleiar
- Vigdis Fjeld, føretakstillitsvald for NITO/SAN

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2019 er gjennomført og godkjent.